

Årsmelding 2018



Postadresse: Boks 163, 6851 Sogndal Tlf. 906 33 600 E-post: post@vestforsk.no

Årsmelding 2018 - Vestlandsforskning

VESTLANDSFORSKING

Vestlandsforskning er eit forskingsinstitutt som utfører forskings- og utviklingsoppdrag for næringsliv og offentleg sektor. Ved instituttet er det om lag 30 tilsette og er lokalisert ved Fosshaugane Campus i Sogndal. Instituttet har ein tverrfagleg profil og har tre hovudforskningsområde som er klima og miljø, reiseliv og teknologi og samfunn. Instituttet har lange tradisjonar med internasjonalt forskingssamarbeid, og forskinga er godt forankra i regionen.

Overordna mål

Vestlandsforskning skal vere eit regionalt forankra forskingsinstitutt på den nasjonale og internasjonale FoU-arenaen. Vi skal vere ein føretrekt partner og levere kunnskap som møter samfunnsutfordringar og bidreg til innovasjon og berekraftig utvikling.

Visjon

Kunnskap for eit ope og berekraftig samfunn.

Verdigrunnlag

Vidsynt: Vi er i fagleg front, engasjerte, nysgjerrige, kreative, nyttar ulike fagdisiplinar og er opne for ulike perspektiv.

Ansvarleg: Vi utfører forsking på høgt internasjonalt nivå som er relevant for oppdragsgjevarane.

Samarbeidsvillig: Vi er opne i møte med andre og vi opptekne av å bidra til gode løysingar.

Finansiering

Prosjektinntektene finansierer den ordinære drifta i Vestlandsforskning. Tilskot i form av grunnløyvingar blir nytta til fagleg utvikling, kvalitetssikring, nettverksbygging og prosjektutvikling. Ved etableringa av stiftinga 13. mars 1985 av Sogn og Fjordane fylkeskommune gjekk fylkeskommunen, Kommunaldepartementet og 62 bankar, bedrifter, kommunar og organisasjonar i fylket inn med eit grunnfond på 4 mill. kr.

Organisering


Instituttet er organisert som stifting og blir leia av eit styre samansett av sju medlemer. Sogn og Fjordane fylkeskommune vel fleirtalet av desse. Styreleiar er Trude Brosvik. Direktør Merete Lunde utfører den daglege leiinga av instituttet. To forskningsleiarar og to administrative gruppeleiarar er i leiargruppa.

Kvalitetssikring

Kvalitetssikring skjer gjennom fagleg rettleiing og kontroll, og ved eit eige internt system for kvalitetssikring av prosjektgjennomføringa.

Årsmelding 2018 - Vestlandsforskning

Organisering



Forskningsområde

Forskarmiljøet ved instituttet har fleirfagleg samansetting med tyngda i samfunnsfag og innsikt i tekniske- og økonomiske fag. Arbeidet skjer både innanfor og på tvers av faggrupper. Det er tre faglege hovudområde ved instituttet: 1) Klima og miljø, 2) Reiseliv og 3) Teknologi og samfunn.

KLIMA OG MILJØ

- Klimatilpassing
- Industriell økologi
- Lokal klima- og miljøpolitikk
- Natur- og miljøforvaltning
- Energi og transport

REISELIV

- Digitalisering
- Opplevelingsturisme
- Berekraftig reiseliv

TEKNOLOGI OG SAMFUNN

- Digitalisering i offentleg sektor
- Kultur, identitet og teknologi
- Regional utvikling
- e-Helse
- Stordata (Big Data)

Årsmelding 2018 - Vestlandsforskning

Oppdrag

Det vart arbeidd med 70 prosjekt i 2018. Oppdraga fordele seg slik etter storleik:

| Prosjektstorleik i kroner (totalt) | Tal prosjekt | Del av omsetningen i % i 2018 |
|------------------------------------|--------------|-------------------------------|
| 0-500 | 30 | 14% |
| 501-2000 | 22 | 28% |
| 2001-5000 | 10 | 18% |
| >5000 | 8 | 40% |

Mange av forskingsprosjekta går over fleire år, og dei blir i stor grad utført i samarbeid med andre FoU-miljø, andre fagmiljø og oppdragsgjevarar både i regionen, i landet elles og med internasjonale miljø.

Omsetnad og finansiering

Omsetnaden i 2018 var på 32,2 millionar kroner. Grunnløyving frå Norges Forskningsråd utgjorde 14,5% av inntektene, grunnløyving frå fylkeskommunen 2,5% av inntektene, medan 83% var oppdragsinntekter.

Oppdraga fordeler seg slik etter oppdragsgjevar/finansieringskjelde (i prosent) dei siste åra:

| | 2018 | 2017 | 2016 | 2015 |
|--------------------|------|------|------|------|
| EU/utland | 13 | 10 | 18 | 20 |
| Forskningsråd/RFF | 52 | 47 | 35 | 21 |
| Kommune/fylkeskom. | 12 | 22 | 30 | 36 |
| Statsforvaltninga | 10 | 16 | 13 | 14 |
| Næringsliv og org. | 7 | 5 | 4 | 9 |

Oversikten viser omsetnad etter oppdragsgjevarar, men gir ikkje eit bilet av kva brukarar eller tema prosjekta er retta mot. EU-kommisjonen, Norges forskningsråd, Regionalt forskingsfond Vestlandet og statsforvaltninga er oppdragsgjevarar for ei rekke prosjekt retta mot næringslivet og kommunesektoren.

Kommunar og næringsliv

Instituttet har lang tradisjon med samarbeid med kommunane i Sogn og Fjordane og elles i landet, og har også i 2018 hatt samarbeid med kommunar, KS og fylkeskommune i ei rekke prosjekt. I nokre prosjekt er kommunane oppdragsgjevarar, i andre er dei kjelde for primærdata eller utprøvingskommune. Tema for samarbeid i 2018 har vore blant anna velferdsteknologi, digitalisering, reiseliv og klimaomstilling.

Næringslivet har medverka i prosjekta ved instituttet i 2018. Verksemndene er frå ulike bransjar og i alle storleikar, frå einmannsbedrifter til større verksemder.

Prosjektaktivitet

Prosjektarbeid er kjerneaktiviteten ved instituttet. Dei tre faglege hovudområda ved Vestlandsforskning er klima og miljø, reiseliv og teknologi og samfunn. Instituttet har god aktivitet på alle dei faglege områda, med ein god balanse i kortsiktige og langsiktige prosjekt, og med ulike samarbeidspartnarar og finansieringskjelder. Her er eit utdrag av det som har skjedd i 2018.

Årsmelding 2018 - Vestlandsforskning

Klima og miljø

I 2018 vart Norsk senter for berekraftig klimatilpassing (Noradapt) etablert med Vestlandsforskning som vertsskap etter at vi tok initiativ til dette i 2017. Det var mogleg etter løyvingar både frå Sogn og Fjordane fylkeskommune og andre interessentar, og med løyving over statsbudsjettet.

Vestlandsforskning er prosjekteigar på 4-årige prosjekt med finansiering frå Forskningsrådet sine program KLIMAFORSK og MILJØFORSK som starta opp i 2018. Det eine av disse, CLIMTOUR, er medfinansiert av reiselivsnæringa, DNT og Hordaland fylkeskommune og Sogn- og Fjordane fylkeskommune, og hadde oppstartsmøte i Sogndal under Fjellsportfestivalen i februar 2018. Prosjektet skal gjere det naturbaserte reiselivet betre i stand til å handtere klimaendringar. Det andre prosjektet, SURROUND, skal vurdere effektane av NAMIT-reforma for 30 år sidan på kommunane sitt miljørarbeid og omhandlar berekraftig utviklinga av små og mellomstore bygder. Begge prosjekta er samarbeidsprosjekt med andre FoU-miljø, interessantar og brukarmiljø.

Instituttet deltek også i eit Forskningsrådsfinansiert prosjekt som starta i 2018, TRANSFORM som vert leia av CICERO og som handlar om kva kommunar kan gjere for å omstille seg til klimaendringar. I 2018 har det òg vore arbeidd med fleire langsiktige forskningsprosjekt som starta i 2017 eller tidlegare, både delfinansiert av Forskningsrådet, Regionalt forskningsfond Vestlandet (RFFVest) og EU-program. Dette er mellom anna følgjande prosjekt: 1) Grøn klimaomstilling, 2) Tilpassing til forsuring av kystområda, 3) Karbonbinding skogsjord, 4) Fleirbruk av utmark og 5) Berekraftig byturisme og 6) Føresetnad for klimaomstilling i samfunnet.

Vi har hatt to oppdrag for Stryn kommune om klimakartlegging av turisme i Oldedalen og klimaplanlegging i Oppstryn. Eit anna eksempel på oppdra er ei utredning for Miljødirektoratet om status for klimatilpassing i Norge. Eit eksempel på oppdrag frå næringslivet er validering av eit LCA-studie på oppdrag for Ringnes.

Det har i 2018 vore prioritert på å vedlikehalde prosjektporføljen innan klimatilpassing og klimaomstilling, medan instituttet arbeider for å auke prosjektporføljen innan miljø/industriell økologi og transport.

Reiseliv

Instituttet har hatt ei strategisk satsing på reiseliv over fleire år. Det er etablert eit nært samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane, særleg gjennom strategisk forskingsprogram for innovasjon og verdiskaping i reiselivet i Sogn og Fjordane (Reiselivsprogrammet), 2014 – 2019. Programmet er ei historisk stor satsing på reiselivsforskning i fylket og satsinga er finansiert av Sogn og Fjordane fylkeskommune, Innovasjon Norge, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og ei rekke reiselivsaktørar i fylket. Målet med det femårige programmet er å utvikle eit forskingsmiljø og utdanningstilbod ved Vestlandsforskning og høgskulen på internasjonalt nivå, der fagmiljøet er eit konkurransefortrinn for reiselivet i Sogn og Fjordane. Programmet er viktig for langsiktig strategisk kunnskapsoppbygging for instituttet, og for relevans for regionen. Aktiviteten i programmet har ført til spin-off prosjekt med finansiering frå andre kjelder. I 2018 har prioritert forskingsaktivitet handla om tryggleik i fjellet, kulturturisme og bookingsystem.

Det er ikkje prioriterte nasjonale FoU-midlar til reiselivsforskning, og difor er regionale midlar og RFFVest viktige finansieringskjelder for reiselivsforskinga. I 2018 har vi avslutta eit RFF-finansiert prosjekt på cruise der vi har utvikla ein modell for utrekning av utslepp.

Vi har òg delteke på Forskningsrådet sitt konsept «Idélab» for reiseliv og nådd opp i konkurransen om prosjekt. Prosjektet har namnet «Mobile Moods» og skal utvikle berekraftige mobile overnattingseininger som skal gi lågt klimafotavtrykk.

Instituttet er involvert i to forskingsprosjekt retta mot hytteutvikling gjennom programmet Fjellsatsinga. Framtidas hyttegrend er eit samarbeid mellom arkitektar, utviklingsaktørar og entreprenørar om meir berekraftig hytteutvikling. Fritidsbusetnad som vekstimpuls er eit samarbeid med Høgskulen på Lillehammer, Østlandsforskning og Telemarskforskning som skal identifisere viktige premissar for verdiskaping i hyttekommunar.

Forprosjektet i RFFVest Vandreopplevingar i fjordlandskap vart avslutta i 2018. Prosjektet ga reiselivet i Aurland innsikt i vandreturistar sine opplevingar og var eit samarbeid med Visit Sognefjord, Aurland kommune, NCE Tourism, Nærøyfjorden Verdsarvpark, Flåm AS, Flåm guideservice og Østerbø fjellstove.

Teknologi og samfunn

Det 6-årige Kapasitetsløft-prosjekt Teknoløft Sogn og Fjordane i FORREGION-programmet til Forskningsrådet starta opp 1. mai. Med dette prosjektet styrkar vi samarbeidet både med HVL og med regionalt næringsliv. Prosjektet er mellom dei største løyvingane frå Forskningsrådet til FoU-miljøa i Sogn og

Årsmelding 2018 - Vestlandsforskning

Fjordane. Vestlandsforskning har tilsett ein PhD-stipendiat på prosjektet. Hausten 2018 fekk me også eit spinoff-prosjekt frå Teknoløftet gjennom FORREGION-programmet, FixIT. Kvinneløftet FixIT skal bidra til å auke kvinner si deltaking i innovasjonsprosjekt.

Vestlandsforskning har sekretariatet i IT-forum Sogn og Fjordane, som er ei viktig plattform for samarbeid i regionen, og ein viktig arena for nettverk, strategiutvikling og prosjektsamarbeid med regionale styresmakter, kommunar, næringsliv og andre organisasjonar i fylket. Også i år har vi gjort arbeidet med å skrive søknad til Nkom om midlar til breibandutbygging og lukkast med å skaffe midlar til utbygging i Sogn og Fjordane. Dette utløyer oppdrag for næringsliv og er eit viktig og relevant infrastrukturtiltak. Vi har også vore involvert i arbeidet med å posisjonere Sogn og Fjordane som Digitaliseringsfylket Sogn og Fjordane saman med Difi, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane fylkeskommune og kommunane i fylket.

I april 2018 arrangerte instituttet avslutningskonferanse for Interreg-prosjektet IMPROVE som starta i 2015. Prosjektet omhandlar innovasjon i offentleg sektor og har studert dette i seks ulike regionar i Irland, Storbritannia, Island, Sverige, Finland og Norge. Vestlandsforskning har studert innovasjon i samband med velferdsteknologi og e-helse i Sogn og Fjordane. Prosjektet har gitt utveksling av kunnskap over landegrenser og ny kunnskap for å auke innovasjonstakta i offentleg sektor.

I 2018 har Fylkesmannen i Sogn og Fjordane innvilga midlar til fase 5 av fylkesprosjektet for velferdsteknologi i kommunane i Sogn og Fjordane. Den strategiske satsinga på velferdsteknologi starta i 2014. Det er stor interesse i kommunane og andre offentlege etatar for vår kompetanse på velferdsteknologi, og kommunane er no med i samarbeidet med ulike rollar. Det vert arbeidd for å etablere større, meir langsignt prosjekt for små-kommunane i distrikta på velferdsteknologi, både i Sogn og Fjordane og Hordaland.

Internasjonalt samarbeid

Vestlandsforskning vektlegg internasjonalt arbeid. I 2018 var 17 av prosjekta eit samarbeid med forskrarar i andre land i Europa. Desse prosjekta er gjerne større prosjekt som går over fleire år. Forskarar frå instituttet heldt 12 innlegg på internasjonale konferansar/seminar i 7 land i 2018.

I 2018 starta to Horisont 2020-prosjekt finansierte av EU. Det eine forskingsprosjektet er om stordata i transportsektoren og vi er koordinatorar for prosjektet. Det andre er innan bioøkonomi, og vi er ansvarlege for ein «arbeidspakke».

Finansiering gjennom utviklingsavtalen mellom Sogn og Fjordane Fylkeskommune og HVL har gjort det mogleg å ha administrativ kapasitet på instituttet sin internasjonale aktivitet. Forskningsrådet si finansiering til EU-nettverk Sogn og Fjordane legg godt til rette for regionalt samarbeid om EU-forsking. Målet er fleire H2020 prosjekt til Sogn og Fjordane ved samarbeid mellom næringsliv, offentlege etatar og FoU-miljø i fylket.

I 2018 har det vore stor aktivitet i nettverksprosjekt finansiert av Forskningsrådet sitt INTPART-program, som skal stimulere til samarbeid mellom framifrå forskingsmiljø i Norge, USA og Japan. Tre studentar frå Japan, USA og Tyskland vitja instituttet sommaren 2018.

Vestlandsforskning har delteke i ei rekke søknadar til EUs H2020 program som på ulikt vis inkluderer bruk av livssyklus-analyse. Så langt har ingen av desse blitt finansiert. Det er også sendt inn søknadar innanfor andre tema: klima- og miljø og reiseliv, og desse er til handsaming i 2019.

Publisering, formidling og informasjon

Ein av våre tilsette har gitt ut to vitskaplege bøker. Det er publisert vitskaplege artiklar i bøker og vitskaplege tidsskrift med fagfellevurdering.

Det er gitt ut VF-rapportar og notat i 2018. Forskarane har halde foredrag, inkl. framlagde artiklar og foredrag utgitt i konferanserapportar. I tillegg er det publisert artiklar i fagtidsskrift, kronikkar og innlegg i ulike media. Vestlandsforskning var arrangør/medarrangør av heildagskonferansar og i tillegg er det arrangert kortare seminar om ulike tema.

Årsmelding 2018 - Vestlandsforskning

| Publisering | 2018 | 2017 | 2016 | 2015 |
|--|------|------|------|------|
| Vitskaplege artiklar/bøker med fagfellevurdering | 33 | 24 | 31 | 31 |
| VF publikasjonar | 8 | 19 | 12 | 16 |
| Foredrag/undervising/artiklar | 88 | 68 | 64 | 75 |
| Artiklar i bøker/tidsskrift | 2 | 3 | 2 | 2 |

Personale og kompetanseutvikling

Det vart utført 25,6 årsverk ved instituttet i 2018. Ved utgangen av året hadde instituttet 30 tilsette, 27 forskrarar og 3 administrativt tilsette. Sosiale fellesaktivitetar har vorte prioriterte og gjennomførte gjennom instituttet, Tastaturlaget og på gruppe- og personnivå. Instituttet har fadderordning for dei nytilsette, og mentorordning for ein trainee.

Ved utgangen av 2018 var det 14 tilsette ved instituttet med doktorgrad. Tre av desse har professorkompetanse. Tre personar har arbeidd med doktorgrad i 2018. Vi har mål om at 50% av forskarane har doktorgrad og vi er over måltalet. Ein av forskarane ved Vestlandsforskning har i 2018 vore tilsett i ein 20% stilling som professor i berekraftig utvikling ved HVL. Kvinner utgjer 37% av forskarstabben og 43% av dei tilsette ved Vestlandsforskning. Det er eit internasjonalt arbeidsmiljø ved instituttet, med forskarar frå ei rekke ulike nasjonalitetar både frå Sør-Korea, India, Polen, Iran og Sverige.

Det er i 2018 gjennomført ei rekke internprosjekt, seminar og andre aktivitetar som ledd i instituttet sitt eige utviklingsarbeid. Desse har både fagleg karakter og karakter av system- og instituttutvikling.

Det vert lagt til rette for fleksibel arbeidstid, høve til redusert stilling og fleksibilitet i arbeidet med heimekontorløysing. Vestlandsforskning har i 2018 hatt eit sjukefråvær på 3%. Det har vore to langtidssjukemeldingar. Instituttet arbeider for eit godt arbeidsmiljø og for å førebygge sjukefråvær gjennom HMS- og IA-arbeid, internseminar og bedriftsidrettslag. Vi skal vere ein arbeidsplass der medarbeidarane har rom for utvikling av seg sjølv og kollegiet til beste for instituttet. Det er eit mål å legge til rette for at ein kan kombinere forskarkarriere ved instituttet med familieliv på ein god måte.

Miljøfyrtaårnbedrift

Vestlandsforskning er Miljøfyrtaårnbedrift. Vi har i fleire år arbeidd målretta med å redusere miljøulempene ved instituttet på prioriterte område i drifta. På kontorsida er tiltak som tosidig utskrift, miljøvennlege innkjøp, energisparing, avfallssortering mm innført. Klimagassutslepp ved reising er den største miljøutfordringa for instituttet, og difor er bruk av videokonferansar ei viktig satsing.

Vestlandsforskning skal vere synleg og tilgjengeleg for oppdragsgjevarar og samarbeidspartar. Bruken av videokonferansar og videostrøyming av større møte er teke i bruk for å redusere reiseaktiviteten både for oss sjølv og for samarbeidspartnerar, og vi arbeider for å auke bruken av slike løysingar.

Oversikt – Flyreiser

| | | 2018 | 2017 | 2016 | 2015 |
|---|---------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| Tal reiser pr år | Utland | 118 | 112 | 97 | 112 |
| | Innland | 182 | 224 | 232 | 220 |
| Tal reiser pr årsverk pr år | Utland | 4,6 | 3,9 | 4,1 | 4,7 |
| | Innland | 7,1 | 9 | 9,9 | 9,5 |
| Flyreise km pr årsverk | Utland | 4576 | 5470 | 5343 | 8897 |
| | Innland | 2053 | 2294 | 2656 | 2478 |
| Totalt utslepp CO₂-ekvivalentar | | 33 tonn | 37 tonn | 36 tonn | 48 tonn |

Strategi 2016 – 2020

Vestlandsforskning vedtok strategi for perioden 2016 – 2020. Strategien består av eit hovudmål og sju delmål med tilhøyrande måltal/nivå og tiltak.

Hovudmål:

Vestlandsforskning skal vere eit regionalt forankra forskingsinstitutt på den nasjonale og internasjonale FoU-arenaen. Vi skal vere ein føretrekt partner og levere kunnskap som møter samfunnsutfordringar og bidreg til innovasjon og berekraftig utvikling

Hovudmålet skal realiserast gjennom følgjande sju komplementære delmål:

- 1. Relevans.** Vestlandsforskning skal drive forsking på felt av interesse for næringsliv, forvaltning eller samfunnsliv, og gje tydelege bidrag til å løyse utfordringane knytt til samfunn og innovasjon.
- 2. Kvalitet.** God fagleg og vitskapeleg kompetanse uttrykt ved publisering og god utteljing på prosjektsøknadar
- 3. Sterkt fagmiljø.** Vi skal ha sterke fagmiljø på dei prioriterte fagområda som posisjonerer oss både på den regionale, nasjonale og internasjonale forskingsarenaen og ha reell kompetansebygging i eit tilstrekkeleg stort tverrfagleg miljø. Instituttet skal vere økonomisk robust.
- 4. Mangfold.** Ha fleire finansieringskjelder, både regionale, nasjonale og internasjonale, og ha god balanse mellom små og store oppdrag, både med langsiktig og kortsiktig perspektiv.
- 5. Samarbeid.** Vi skal dekke eit regionalt og nasjonalt behov og inngå i hensiktsmessig arbeidsdeling med andre nasjonale og internasjonale FoU-miljø innanfor våre forskingsområde. Vi skal vere føretrekte partnar på utvalde område.
- 6. Attraktiv.** Vere ein attraktivt arbeidsstad i et innovativt og utviklande tverrfagleg miljø, der medarbeidarane kjenner tilhøyrigheit og er stolte av Vestlandsforskning.
- 7. Formidling.** Drive forskingsformidling som gir læring og effektar, ha god dialog med relevante grupper, vere synleg og ha godt omdømme regionalt, nasjonalt og internasjonalt, og vere ein ettertrakta samarbeidspartnar.

Strategiane er styrande for årleg budsjettprioritering og skal vere gjenkjenneleg i alle delar av verksemda.

Styret sitt arbeid

Det har vore gjennomført fire styremøte i 2018. Styret har prioritert arbeidet med oppfølging av regionreforma.

Årsmelding 2018 - Vestlandsforskning

STYRE OG LEIING

Styret

Medlemer

Trude Brosvik, styreleiar
Nils P. Støyva, nestleiar
Oddgeir Osland
Yngve Hallén
Solveig Willis
Arve Sandal
Svein Ølnes

Varamedlemer

Sigurd Reksnes
Marit Tennø
Svein Ove Slinde
Erik Kyrkjebø
Olaug Hana Nesheim
Benedicte Carlsen (personleg vara for O. Osland)
Hilde G. Corneliusen (personleg vara for Svein Ølnes)

Dagleg leiing

Direktør Merete Lunde
Kontorleiar Bjørg Haukereid

Miljøgruppa

Forskningsleiar Halvor Dannevik
Gruppeleiar Hans Jakob Walnum

IT-gruppa

Forskningsleiar Ivar Petter Grøtte
Gruppeleiar Torkjel Solbraa

PERSONALE

Rajendra Akerkar, forskar I
Otto Andersen, forskar II
Eivind Brendehaug, forskar II
Hilde Corneliusen, forskar II
Ragnhild Freng Dale, forskar II frå 01.12.18
Halvor Dannevиг, forskar II, forskingsleiar
Carol Azungi Dralega, forskar II til 01.07.18
Agnes Brudvik Engeset, forskar III
Guttorm Flatabø, forskar III
Daniel Furberg, phd-stipendiat frå 15.08.2018
Ida Marie Gildestad, forskar III til 01.09.2018
Kyrre Groven, forskar II
Ivar Petter Grøtte, forskingsleiar
Stefan Gössling, forskingskoordinator
Bjørg Haukereid, kontorleiar
Minsung Hong, forskar II frå 15.02.2018
Marit Haugan Hove, forskar III til 01.06.2018
Idun A. Husabø, forskar III
Bård Huseby, forskar III
Torunn Gautepllass Hønsi, forskar II
Øyvind Heimset Larsen, forskar III
Merete Lunde, direktør
Karen Richardsen Moberg, forskar III
Zuzana Nordeng, forskar II til 01.08.2018
Tone Rusdal, trainee frå 01.08.2018
Seddighi, Gilda forskar II frå 01.02.2018
Simonsen, Morten forskar III
Anne Lise Uglum Skaar, informasjonsmedarbeidar
Torkjel Kristiansen Solbraa, forskar III og gruppeleiar
Ida Tidemann-Andersen, forskar/rådgjevar
Anna Maria Urbaniak-Brekke, forskar III frå 01.01.2018
og forskar II frå 01.11.2018
Hans Jakob Walnum, forskar II og gruppeleiar
Svein Ølnes, forskar II
Carlo Aall, forskar I

Styret si vurdering

Vestlandsforskning har også i 2018 bidrige med kunnskap for å møte dei store samfunns-utfordringane, og til innovasjon og berekraftig utvikling. Instituttet hatt god og relevant aktivitet innan alle dei tre faglege hovudområda klima og miljø, reiseliv og teknologi og samfunn. Styret ser at strategien er følgt opp, og meiner at instituttet er godt posisjonert for framtidige forskingsoppdrag.

God evaluering

I 2018 vart Forskningsrådet si evaluering av heile det samfunnsvitskaplege fagområdet lagt fram, med svært positive resultat for instituttet vårt. Styret er svært nøgd med vurderinga "It is evident that the institute is fully committed to promoting excellent research at the highest academic level, while remaining firmly embedded in its regional and local context", som er ei solid stadfesting av strategien ved instituttet.

Drift og driftsresultat

Omsetninga i 2018 var på 32,2 millionar kroner, med eit driftsresultat på 840.472 kroner. Styret er godt nøgd med drifta og driftsresultatet, som gir viktig handlingsrom for strategiske prioriteringar og utvikling av tilsette. Det vart utført 25,6 årsverk i 2018. Ved utgangen av året var det 30 tilsette, 27 forskrarar og 3 innan administrasjon. Det har vore relativt god prosjektingang og balanse i prosjektportføljen, med både små og store FoU-prosjekt av ulik lengde. Instituttet leverte godt på vitskapleg publisering og i 2018. Styret meiner det er viktig å stabilisere forskarar ved instituttet og oppretthalde talet på forskarar. Noktern økonomisk drift og viktige basisløyvingar frå Norges Forskningsråd og fylkeskommunen gjev handlingsrom for langsiktig og målretta fagleg satsing.

NORADAPT

Norsk senteret for berekraftig klimatilpassing, NORADAPT, vart i 2018 etablert hjå Vestlandsforskning. Styret ser at dette er ei anerkjennung av fagmiljøet i Sogndal og eit resultat av ei langsiktig satsing på klimatilpassing som fagområde ved instituttet. Sogn og Fjordane fylkeskommune har støtta initiativet med å etablere senteret. Med løying direkte over statsbudsjettet vart senteret opna i desember. Samarbeidspartnarar er andre nasjonale fagmiljø innan klimatilpassing. Målet for arbeidet i senteret å bidra til å styrke både privat og offentleg sektor si evne til klimatilpassing. Styret ser at senteretableringa er eit høve til ytterlegare strategisk kompetansebygging på området klimatilpassing og er nøgd med at senteret gir rom for rekruttering av nye forskarar til instituttet.

Samarbeid og nettverk

Vestlandsforskning har ei rekke FoU-samarbeidspartnarar og eit stort nettverk med ulike aktørar, brukarar og oppdragsgjevarar både i offentlege etatar og næringsliv, og deltek i ulike nettverk, og klyngjer. Styret meiner at samarbeid og arbeidsdeling med andre FoU-miljø vert viktig framover, med prioritet på Høgskulen på Vestlandet (HVL). HVL har vore ein viktig samarbeidspartner for instituttet i lang tid både innan klima, teknologi og reiseliv, og saman med HVL utgjer vi mykje av FoU-miljøet i Sogn og Fjordane. Styret meiner det er viktig å sikre eit sterkt forskingsmiljø i Sogn og Fjordane. Døme på samarbeid- og nettverksaktivitet i 2018 er vår rolle i IT-forum og IT-utdanninga vi har etablert saman med HVL og andre aktørar i fylket. Styret er positiv til instituttet sin aktivitetar, som medarrangør i den nasjonale klimakonferansen i Sogndal, medlemskapet i NCE Tourism, deltaking i bedriftsnettverket Maritim Foreining og andre nettverksaktivitetar.

Internasjonalt

I 2018 har vi arbeidd med to Horisont 2020-prosjekt, finansiert av EU, der vi er koordinatorar for eit prosjekt som handlar om stordata i transportsektoren. Det andre prosjektet er innan bioøkonomi. Finansiering gjennom utviklingsavtalen mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og HVL har skapt rom for administrative ressursar til den internasjonale aktiviteten. I tillegg legg Forskningsrådet si finansiering av EU-nettverk Sogn og Fjordane til rette for regionalt samarbeid om EU-forsking. Målet er fleire H2020-prosjekt til Sogn og Fjordane ved samarbeid mellom næringsliv, offentlege etatar og FoU-miljø. Styret meiner det er viktig å halde fram med å prioritere den internasjonale aktiviteten.

Solid og synleg

I 2018 har instituttet vore synleg både for andre fagmiljø, styresmakter og samfunnet elles ved å formidle frå forskinga vår og kva vi kan tilby av kompetanse og tenester. Styret meiner at det er viktig å halde fram arbeidet med å gjere instituttet meir synleg, der til dømes Vitensenteret vil bli eit nytt og godt utgangspunkt.

Årsmelding 2018 - Vestlandsforskning

I tida som kjem må Vestlandsforskning fortsetje med å halde eit vakent blikk på korleis samfunnet, forskingspolitikken og strukturane utviklar seg, til gagn for posisjonen vi har og som vi ønskjer å utvikle vidare i det nye regionale landskapet og i nytt nasjonalt forskingslandskap. Det vert viktig at instituttet held fram med å ha tett dialog og samarbeid med fylkeskommunane, for å sikre at det nye stor-fylket både nyttar og legg til rette for det regionale instituttet som eit viktig verktøy for regional utvikling, samstundes som vi er aktive på nasjonale og internasjonale arenaer.

Styret meiner Vestlandsforskning er godt budd på å møte nye utfordringar på ein god måte, med både fleksibilitet og fagleg styrke.

Årsmelding 2018 - Vestlandsforskning

RESULTATREKNESKAP

| Noter | DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER | 2018 | 2017 |
|-------|---|-------------------|-------------------|
| 7 | Driftsinntekter | 32 215 727 | 28 336 693 |
| | Sum driftsinntekter | 32 215 727 | 28 336 693 |
| 2 | Prosjektkostnader | 8 040 718 | 5 871 140 |
| 6 | Lønnskostnader | 19 969 263 | 18 724 805 |
| 2 | Ordinær avskrivning | 144 731 | 123 114 |
| | Andre driftskostnader | 3 220 543 | 3 560 948 |
| | Sum driftskostnader | 31 375 255 | 28 280 007 |
| | Driftsresultat | 840 472 | 56 686 |
| | FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER | | |
| | Resultat av finansposter | -19 983 | 25 859 |
| 8 | Resultat før skatt | 820 489 | 82 545 |
| | Skattekostnad på ordinært resultat | -2 678 | -2 674 |
| | ÅRSRESULTAT | 817 811 | 79 871 |
| | OVERFØRINGER | | |
| | Avsatt til annen egenkapital | 817 811 | 79 871 |
| | Sum overføringer | 817 811 | 79 871 |

BALANSE

EIGENDELER

| | | | |
|---|---|-------------------|-------------------|
| | Anleggsmidler | | |
| | Immaterielle eiendeler | | |
| 6 | Konsesjoner, patenter, lisenser, varemerker | 378 000 | 425 000 |
| | Sum immatrielle eiendeler | 378 000 | 678 699 |
| 6 | Varige driftsmidler | | |
| | Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontormaskiner | 207 000 | 235 000 |
| 8 | Finansielle anleggsmidler | | |
| | Investeringer i aksjer mv | 3 714 624 | 18 700 |
| | Sum anleggsmidler | 4 299 624 | 678 699 |
| | Omløpsmidler | | |
| 3 | Prosjekt under arbeid | 4 797 123 | 7 828 134 |
| | Kundefordringer | 7 855 208 | 3 440 731 |
| 3 | Andre kortsiktige fordringer | 106 900 | 88 500 |
| | Sum fordringer | 7 962 108 | 3 529 231 |
| 3 | Bankinnskudd, kontanter ol. | 14 076 773 | 14 634 338 |
| | Sum omløpsmidler | 26 836 004 | 25 991 702 |
| 1 | SUM EIGENDELER | 31 135 628 | 26 670 402 |

Årsmelding 2018 - Vestlandsforskning

| GJELD OG EIGENKAPITAL | | 2018 | 2017 |
|------------------------------------|--|--------------------------|--------------------------|
| Eigenkapital | | | |
| Grunnfond | | 4 000 000 | 4 000 000 |
| Annan eigenkapital | | <u>8 820 575</u> | <u>8 002 764</u> |
| 4 Sum eigenkapital | | <u>12 820 575</u> | <u>12 002 764</u> |
| Gjeld | | | |
| Kortsiktig gjeld | | | |
| Leverandørgjeld | | 675 461 | 935 461 |
| Skyldige offentlige avgifter | | 1 538 562 | 1 389 034 |
| Forskudd frå kunder | | 13 888 105 | 10 326 442 |
| Anna kortsiktig gjeld | | 2 212 926 | 2 016 850 |
| Sum gjeld | | <u>18 315 053</u> | <u>14 667 639</u> |
| 1 SUM GJELD OG EIGENKAPITAL | | <u>31 135 628</u> | <u>26 670 403</u> |

Note 2 Lønskostnader

| Lønskostnader | 2018 | 2017 |
|----------------------|--------------------------|--------------------------|
| Lønn | 15 178 686 | 14 322 198 |
| Arbeidsgivaravgift | 2 026 028 | 1 842 435 |
| Andre ytelser | 2 764 549 | 2 560 172 |
| Sum | <u>19 969 263</u> | <u>18 724 805</u> |

Selskapet har i 2018 sysselsatt 28 tilsette

Foretaket er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon, og har pensjonsordning som oppfyller krava etter denne lova

| Ytingar til leiande personar | Direktør | Styret |
|-------------------------------------|-------------------------|-----------------------|
| Løn | 1 042 577 | 108 100 |
| Pensjonskostnader | 20 612 | |
| Anna godtgjering | 10 949 | |
| Sum | <u>1 074 138</u> | <u>108 100</u> |
| | 2018 | 2017 |
| Honorar lovpålagt revisjon | 54 950 | 53 000 |
| Andre tenester | 48 625 | 52 450 |

Beløpet er eks. mva.

Note 3 Omløpsmidlar

Kundefordringar er vurdert til pålydande med avsetning for framtidig tap på kr 25 000,-.
Andre fordringar er i rekneskapen vurdert til pålydande.

Prosjekt under utføring er vurdert til direkte kostnader pluss påløpt honorar inklusive forteneste. Det er tatt omsyn til eventuelle tap på prosjekta. Forskot frå kundar er vurdert til innbetalt forskot med frådrag for påløpne prosjektkostnader. Påløpne prosjektkostnader er vurdert på same måte som prosjekt under utføring.

Midlar til skattetrekkskonto (bundne midlar) er kr 806 552.

Note 4 Eigenkapital

| | Aksjekapital | Annan eigenkapital | Sum eigenkapital |
|-------------------------------------|---------------------|---------------------------|-------------------------|
| Eigenkapital pr. 1.1 | 4 000 000 | 8 002 764 | 12 002 764 |
| Korrigering i samband med skattesak | | | |

Årsmelding 2018 - Vestlandsforskning

| | | | |
|-------------------------|------------------|------------------|-------------------|
| Årets resultat | | 817 811 | 817 811 |
| Eigenkapital pr. 31.12. | 4 000 000 | 8 820 575 | 12 820 575 |

Note 5 Aksjar, investeringar

| | |
|--------------------------------|---------|
| Framtidsfylket AS | 18 700 |
| Vitensenteret Sogn og Fjordane | 230 000 |

Fond

| Fond | Kostpris | Verkeleg verdi | Bokført verdi | Urealisert tap |
|-----------------------|------------------|------------------|------------------|-----------------|
| Nordea Klima og Miljø | 1 073 905 | 978 848 | 978 848 | -95 117 |
| Nordea Plan Rente | 2 520 927 | 2 487 076 | 2 487 076 | -33 851 |
| SUM | 3 594 832 | 3 465 924 | 3 465 924 | -128 968 |

Note 6 Anleggsmidlar

| | Maskiner og inventar | Nettside | Sum |
|-----------------------------------|----------------------|----------------|------------------|
| Innkjøpskostnad pr 1.1.2018 | 904 626 | 473 561 | 1 378 187 |
| Tilgang i året | 69 731 | 0 | 69 731 |
| Avgang i året | 0 | 0 | 0 |
| Innkjøpskostnad 31.12.2018 | 974 357 | 473 561 | 1 447 918 |
| Akkmulerte avskrivingar | 767 357 | 95 561 | 862 918 |
| Bokført verdi pr. 31.12. | 207 000 | 378 000 | 585 000 |
| Årets avskrivingar | 97 731 | 47 000 | 144 731 |
| Avskrivingsprosent | 20% | 20% | |

Note 7 Driftsinntekter

| Spesifikasjon av driftsinntekter | 2018 | 2017 |
|---|-------------------|-------------------|
| Grunnløyvingar, Norges forskningsråd | 4 713 000 | 4 167 000 |
| Grunnløyvingar, Sogn og Fj. Fylkeskommune | 800 000 | 800 000 |
| Eksterne prosjektinntekter | 26 702 727 | 23 369 693 |
| Sum driftsinntekter | 32 215 727 | 28 336 693 |

Note 8 Skattar

Stiftinga Vestlandsforskning er skattepliktig for inntekt frå oppdragsforskning og må også betale formuesskatt knytta til denne delen.

| | 2018 | 2017 |
|---|----------------|----------------|
| Skattepliktig resultat | 77 474 | 9 064 |
| Endring i midlertidige skilnader | -30 048 | 1 070 |
| Underskot til framføring | -47 426 | -10 134 |
| Skattepliktig resultatar | - | - |
| Betalbar skatt 25% (27% i 2017) | - | - |

Midlertidige skilnader 31.12.

| | | |
|--|-------------------|-------------------|
| *Kundefordringer | -25 000 | -424 800 |
| *Prosjekt i arbeid | -1 000 000 | -1 000 000 |
| *Anleggssreserve | -32 730 | -13 282 |
| *Underskot til framføring | -66 879 | -1 552 386 |
| Grunnlag utsatt skatt forpliktelse/fordring | -1 124 609 | -1 552 386 |
| Skatteforpliktelse/skattefordel 22% (23% i 2015) | -247 414 | -357 049 |

I henhold til God Rekneskapsskikk for små føretak er ikkje utsett skattefordel bokført i rekneskapen pr. 31.12.2018

Årsmelding 2018 - Vestlandsforskning

Skattekostnaden i rekneskapen består av:

| | 2018 | 2017 |
|------------------------|--------------|--------------|
| Betalbar skatt | 2 678 | 2 674 |
| Endring i utsett skatt | | |
| Sum skattekostnad | <u>2 678</u> | <u>2 674</u> |

Årsmelding 2018 - Vestlandsforskning

Vitskaplege artiklar/bøker m/referee

Bøker

Akerkar, Rajendra (2018): [Models of Computation for Big Data](#), SpringerBriefs in Advanced Information and Knowledge Processing, Springer International, 2018.

Akerkar, Rajendra (2018): [Artificial Intelligence for Business](#), Springerbrief in Business, Springer International, 2018.

Artiklar i bøker/konferanseproceedings

Akerkar, Rajendra (2018): [Privacy and Security in Data-Driven Urban Mobility](#). (Eds.) J. Darmont & S. Loudcher. I: *Utilizing Big Data Paradigms for Business Intelligence*, IGI Global, 2018.

Corneliussen, Hilde G., Klem, Herman og Gajjala, Radhika (2018): ICT Changes Everything! But who changes ICT? I: *This Changes Everything – ICT and Climate Change: What Can We Do?* Springer, s. 250-257

Corneliussen, Hilde G. og Larsen, Øyvind H. (2018): På jakt etter suksessformelen for samarbeidsnettverket IT-forum Sogn og Fjordane. I: *Det regionale i det internasjonale, Fjordantologien 2018*. Universitetsforlaget ca 101 – 117

Corneliussen, Hilde G. og Tveranger, Fay Pedersen (2018): Programming in secondary schools in Norway: a wasted opportunity for inclusion. I: *Proceedings of Gender and IT 2018*. ACM, s. 1785-183

Dralega, Carol A. og Corneliussen, Hilde G. (2018): Gaming and identity construction among immigrant youth in Norway. I: *Det regionale i det internasjonale, Fjordantologien 2018*. Universitetsforlaget, sa. 187-205

Dralega, Carol A. og Corneliussen, Hilde G. (2018): Manifestations and Contestations of Hegemony in Video Gaming by Immigrant Youth in Norway. I: *Media and Power in International Context: Perspectives on Agency and Identity*. Emerald Group Publishing Limited

Gössling, Stefan (2018): Air transport and climate change. I: *The Routledge Companion to Air Transport Management*. Routledge 2018, s. 402-417

